

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmar
FØRETAK: Helse Bergen HF

DATO: 18.09.2015
SAKSHANDSAMAR: Askjell Utaaker/Trond Søreide
SAKA GJELD: **Evalueringsrapport om Enemona-anskaffinga**

STYRESAK: **64/15 O**

STYREMØTE: 30. september 2015

FORSLAG TIL VEDTAK

1. Styret tar Evalueringsrapporten om Enemona-anskaffinga til orientering.
2. Adm.direktør følger opp generelle læringspunkt som er foreslått i rapporten.

Bakgrunn

Adm.dirrektør har oppmoda Advokatfirmaet Simonsen Vogt Wiig AS om å vurdere anskaffinga av elektro- og teleinstallasjonar til fase 1 av Barne- og ungdomssjukehuset. Kontrakten blei inngått med det bulgarske selskapet Enemona JSC i 2012. Det blei i midten av juni 2015 kjent at Enemona ikkje betalte sine tilsette i samsvar med Landsoverenskomsten for elektrofagene. Kontrakten med Enemona blei heva 23. juni 2015.

Evalueringsrapporten gjer greie for kva Helse Bergen har gjort, og vurderer om noko kunne og burde vore gjort annleis i saka. Evalueringa gjeld alle deler av prosessen

1. Anskaffingsfasen (2011-2012)
2. Gjennomføringsfasen, irekna oppfølging og kontrolltiltak (2012-2015)
3. Avslutning av kontraktforholdet (2015)

Hovudkonklusjonar

Simonsen Vogt Wiig sin hovudkonklusjon er at Helse Bergen i denne saken har sett i verk dei tiltaka som ein kan forvente av ein offentlig byggherre for å forhindre sosial dumping.

I rapporten, under punkt 5.2.2 («vurdering»), står det å lese følgjande:

«Å gjennomgå Enemonas dokumentasjon hadde altså ikke alene avdekket forholdene. De angivelige falske arbeidskontraktene og lønsslippene vitner da om et systematisk juks fra Enemonas side, og Helse Bergen måtte ha iverksatt etterforskningstiltak for å avdekke dette jukset. En slik etterforskning ville imidlertid ligget utenfor kravet til «*nødvendig kontroll*» ... »

Rapporten trekk også fram nokre hovudområder som Helse Bergen på generelt grunnlag, og uavhengig av denne konkrete saka, bør jobbe vidare med i eit systematisk arbeid for å forhindre sosial dumping. Dette vil adm.dirrektør følgje opp i samarbeid med det nye Helse Vest Innkjøp HF og Helse Vest RHF.

Status for avslutning av kontraktforholdet med Enemona JSC

Enemona varsla i mai at dei ikkje var i stand til eller ikkje ville gjennomføre kontrakten av økonomiske årsaker. Det blei difor varsla «antisipert» misleghald og avslutting av kontrakt frå Helse Bergen si side. Då denne dialogen gjekk, blei det kjent at elektrikarane berre fekk deler av den lønna dei skulle ha etter avtalen. Det blei difor straks sett i verk tiltak for å seie opp kontrakten. I den samband med dette blei det også utbetalingar til Enemona stoppa. Det er ikkje utbetalt pengar til Enemona etter dette, og det blir no arbeidd med å få på plass ein oversikt over kva som er det endelige sluttoppgjeret mellom partane i samsvar med kontrakt og utført arbeid. Fram til dette er på plass vil det ikkje bli gjennomført økonomiske transaksjonar.

Det er gjennomført oppgjersforretning med Enemona. Representantar for firmaet var til stades i samband med dette. Resultatet av oppgjersforretninga er sendt leiinga for Enemona i Bulgaria for signering og framsending av sluttoppgjer basert på akseptert levert og utført arbeid. Slik signering er ikkje mottatt, og det er dermed sendt varsel om at ved manglande signatur vil dei leveransar som blei konstatert levert bli å betrakte som akseptert ved fristens utløp 23. september 2015. Helse Bergen vil etter dette sjølv berekne verdien av utført arbeid. Etter at nye anbod er komne på plass vil det bli fremma krav mot firmaet for mellomlegget mellom deira anbod og nye anbod, og eventuelle meirkostnadar som følgje av forseinkingar i byggeprosessen elles. Her vil også administrative kostnadar og kostnadar til advokatbistand bli tatt med.

Helse Bergen har mottatt bankgaranti samt helde tilbake fakturaar frå firmaet fordi ein meiner at differansen mellom nye anbod og Enemona sitt anbod vil bli større enn mottatte bankgaranti. Korleis hevingsoppgjeret vil bli vet vi enno ikkje i detalj. Det verkar sannsynlig at Enemona etter hevingsoppgjøret vil skulde Helse Bergen eit betydeleg beløp og ikkje motsett.

Status for kontrahering av ny elektroentreprenør og vidare framdrift av byggearbeida

16. september var frist for innlevering av anbod på dei elektroarbeida som står igjen. Det er mottatt 3 tilbod frå 3 norske firma. Alle tilbydarane blir vurdert som kvalifiserte. Kontraktsummen på anboda er enno ikkje klare fordi tilboda må kvalitetssikrast, irekna kontroll av eventuelle reknefeil eller justert for atterhald som kan pris-settast. Evaluering vil bli gjort i samsvar med dei kriteria som er sett, der pris er eitt av fleire vesentlege element. Fokuset er no på å gjere ei grundig evaluering av alle dei innkomne tilboda.

Skifte av elektroentreprenør har ført til forseinkingar. Vi har i mellomfasen, etter at Enemona avslutta arbeida, nytta oss av leverandørar vi har rammeavtaler med. Desse leverandørane har stilt opp og gjort ein svært god innsats som har bidrege til å redusere skadeomfanget av forseinkingar på den totale byggeprosessen. Omfanget av forseinkingane og vidare framdrift vil henge saman med val av ny tilbydar på elektroarbeida. Det vil være ulike føresetnadar i dei ulike tilboda, som verkar inn på framdrift. Først etter ein meir grundig gjennomgang av tilboda vil den endelege framdriftsplanen vere klar.

Status for manglande lønnsutbetalingar til Enemona sine arbeidstakarar

Det er svært beklageleg at Enemona JCS fortsatt ikkje har betalt sine tilsette den lønna dei har krav på i tråd med kontrakten mellom Helse Bergen HF og Enemona JCS. Det har i sommar vore møter med representantar for EI&IT-forbundet, for å finne gode måtar å samarbeide på og for å finne ut korleis Helse Bergen HF kan bidra til å legge press på Enemona til å betale ut riktig lønn til sine tilsette. Mellom anna har Helse Bergen HF ved fleire høve etterspurt korleis føretaket kan hjelpe arbeidarane via EI&IT-forbundet i forhold til juridiske rådgjeving i Bulgaria. Helse Bergen HF har også kontakt med arbeidsgivarorganisasjonen Spekter, som no vil kontakte sine europeiske samarbeidspartnarar for å undersøke kva som kan gjerast for å bidra til å løyse denne saka.

Helse Bergen HF har bedd EI&IT-forbundet undersøke om LO har søsterorganisasjonar i Bulgaria som kan bidra i et samarbeid for å presse Enemona til å betale sine arbeiderar deira rettmessige lønn.

Vi har også på oppmoding frå EI&IT-forbundet undersøkt muligheiter for å få ut dokumentasjon av arbeidstimar / oppmøte på byggeplass, og klarlagt dei juridiske forholda rundt dette. Vi kan utlevere data dersom den enkelte arbeidstakar samtykker til det. Dersom EI&IT-forbundet skaffar slikt samtykke skal vi sørgje for å komme opp med den dokumentasjon vi sit på.